

POP MUSIC

OVERSIKT OVER NOTER FOR KORPS

AUGUST 2024

- BRASS BAND
- WIND BAND

POP MUSIC

v/Per Olav Paulsen

Justagjerdet 7, 5410 Sagvåg

Tlf.90845342/ p-opauls@online.no

GRADERING

Utgåvene er graderte frå 1-6 med 1 som letteste og 6 som vanskeligste grad. (NB! Teknisk vanskegrad). Den graden som dei enkelte stykkene er plassert i må imidlertid kun sjåast på som veiledande då det alltid vil vera individuelle forhold som avgjer om eit stykke kan passe for korpset eller ikkje. Men på generell basis kan ein seie at:

GRAD 1 (Svært lett)

vil passe for 4.divisjon skulekorps.

GRAD 2 (Lett)

vil passe for 3.divisjon skulekorps /5.divisjon amatørkorps.

GRAD 3 (Middels lett)

vil passe for 2. Divisjon skulekorps/4.divisjon amatørkorps.

GRAD 4 (Middels vanskelig)

Vil passe for 1.divisjon skulekorps/3.divisjon amatørkorps.

GRAD 5 (Vanskelig)

vil passe for 2.divisjon amatørkorps

GRAD 6 (Svært vanskelig)

vil passe for elite- og 1.divisjon amatørkorps

Tittel	Detaljer side:
A BALLATA	5
A WALK IN THE PARK	5
ALLEGRO BRILLIANTE	5
AVE MARIA (Arcadelt)	17
AVE MARIS STELLA (Grieg)	16
BALLAD AND VARIATION	6
BAND JAMBOREE – march	6
CARTOON	6-7
CHRISTMAS SONG	7
DAYDREAM	7
DRAUMESPOR (Sivertsen)	16
ES IST EIN ROS ENTSPRUNGEN (Praetorius)	17
EXHIBITION PRELUDE	7-8
FESTIVE FANFARE & THEME	8
GENTLE MOOD	8
IN DULCI JUBILO (Praetorius)	17
IN MY THOUGHTS (Isaac)	18
INNSBRUCK VARIATIONS (Isaac)	18
INTROITUS, CANTUS e FINALE	8-9
JUBILANT – march	9
JULEKLOKKER	9
JUST LIKE A RIVER	10
LOKK – A Norwegian Mountain Overture	10
MARGOT LABOUREZ (Arcadelt)	17
MUSIC FOR THE CONTEST SCENE	10-11
NEXT TO SILENCE	11

NIGHT MUSIC	11
NORSK FANTASI (Borg)	16
PASTIME WITH GOOD COMPANY (King Henry VIII)	17
POSTLUDIUM-DEILIG ER JORDEN	11-12
PRELUDE TO HARMONY	12
SINFONIETTA PASTORALE	12
SOUVENIRS OF HARDANGER	13
SUITE Nr.1 FROM "THE DANSERYE" (Susato)	17
SUITE Nr.2 FROM "THE DANSERYE" (Susato)	18
SØRGEMARSJ OVER RIKARD NORDRAAK (Grieg)	16
THE DEBUTANTE – march	13
THE FIRE BRIGADE – march	13-14
TIL ETNE! – march	14
TWO CHRISTMAS SCENES	14
VESTLAND (Å Vestland, Vestland) (Førsund)	16
WISH THAT YOU WERE HERE	14-15
ØYREVERK	15

Originale Komposisjoner

A BALLATA (on a ground bass)

Per Olav Paulsen 2012

PMP 025

Besetning: Bb-cornet solo og Brass Band

Grad: 1 (solist grad 2)

Durata: ca. 3:30 min.

A Ballata (= "I balladestil") er ein enkel, rolig og melodiøs solo for Bb-cornet og brass band. Stykket er bygd over ei fast bass-linje (ground bass) som gjentas gjennom heile komposisjonen. Bruken av trommesett i deler av stykket gir ein "slow-rock feeling".

A WALK IN THE PARK

Per Olav Paulsen 2024

PMP 052

Besetning: Duett for Bb-Cornet/Eb-Horn og Brass Band

Grad: 2

Durata: ca. 3:50 min.

A Walk In The Park er eit relativt enkelt stykke for Bb-cornet, Eb-Horn og brass band. Stykket er i lett slentrende "swing" stil med eit rytmisk ostinat og ei tydelig bass-linje.

ALLEGRO BRILLIANTE

Per Olav Paulsen 1990 (Revidert 2013)

PMP 008

Besetning: Xylophone solo og Brass Band

Grad: 3 (solist grad 4)

Durata: ca. 2:40 min.

Allegro Brillante er i ein samanhengande sats i gjennomført stort tempo. Dei største utfordringene ligg naturleg nok hos solisten, men også i akkompagnetet finnes utfordringer m.a. bruk av dobbeltunge-teknikk og sikker rytmisk nerve og driv i alle stemmer.

BALLAD AND VARIATION

Per Olav Paulsen 1992 (Revidert 2014)

PMP 013

Besetning: Brass Band

Grad: 2

Durata: ca. 5:00 min.

Ballad and Variation er eit stykke lett underholdningsmusikk. Det består av ein samanhengande sats, men med to klare deler. I første delen presenteres balladen i rolig "slow-rock" stil mens andre delen (variasjonen) er i eit mykje raskere tempo ("disco-rock") og har ein sterk rytmisk betoning og ein drivende karakter.

BAND JAMBOREE - march

Per Olav Paulsen 1970 (Revidert. 2015)

PMP 033/034

Besetning: *Wind Band (PMP033)*

Brass Band (PMP 034)

Grad: 3

Durata: ca 3:30 min.

Band Jamboree er ein marsj i tradisjonell form og stil. Den vart skriven alt i 1970 og er ein av mine aller tidlegaste komposisjoner. Den opphavslege versjonen var for Wind Band, men under revisjon i 2015 vart det også laga ein versjon for Brass Band.

CARTOON

Per Olav Paulsen 1992 (Revidert 2023)

PMP 014

Besetning: Brass Band

Grad: 4

Durata: ca 10:00 min

Natta mellom 23. og 24. Januar 1943 gjorde britiske og norske kommandosoldater landgang i Sagvåg på Stord og utførte ein vellykka sabotasje mot kisgruvene på Litlabø. Målet for aksjonen var å hindre den tyske okkupasjonsmakta i å få ta ut malm som vart skipa til Tyskland for å verta nytta i våpenproduksjon. Det britiske kodenavnet på aksjonen var "Operation Cartoon". Dette stykket vart skriven til 50-års markeringa for denne aksjonen, og

forsøker å beskrive nokre av dei stemningar og følelser som knyter seg til denne hendinga. Stykket er i ein samanhengane sats, men har fire relativt klare deler. Først mystisk og avventande med stadig tiltagende faresignaler, så hektisk og drivende under sjølv aksjonen. Tredje del er ein elelegisk og ettertenksom del til minne om dei som falt eller vart såra, mens siste del starter nervøst før det heile ender i triumf.

CHRISTMAS SONG

Per Olav Paulsen 1989 (Revidert 2008)

PMP 004

Besetning: Brass Band

Grad: 3

Durata: ca. 4:30 min

Christmas Song er ein fri komposisjon som bygger på ein gammel svensk folketone: "Mitt hjerte alltid vanker". Etter ei innleiing vert temaet presentert i form av ein kvartett (Flugelhorn, Solo Horn, 1. Baritone og Euphonium). Stykket nyttar seg ellers av elementer frå barokken's komposisjonsteknikk med m.a. fugerte parti, kontrapunktisk skrivemåte, sekvenser og obligatstemmer.

DAYDREAM

Per Olav Paulsen 2012/2013

PMP027

Besetning: Flugelhorn solo og Brass Band

Grad: 2 (solist grad 3)

Durata: ca 3:40 min.

Daydream er ein ballade for flugelhorn og brass band. Hovedtemaet er i ein sangbar og "drøymande" stil med et akkompagment som er basert på akkorder i "pyramide"-form.

EXHIBITION PRELUDE

Per Olav Paulsen 1987 (Revidert 2022)

PMP001

Besetning: Brass Band

Grad: 3

Durata: ca. 06:30 min

Exhibition Prelude vart komponert på bestilling frå Stord Kommune til opninga av den første Sunnhordlandsutstillinga, og vart framført første gong den 19.juni 1987. Stykket bygger på ein lokal folketone "Springartrall frå Sunnhordland". I behandlinga av denne folketonen er det nytta eit utprega norsk tonespråk. Ei veksling mellom høgt og lågt 4.trinn I skalaen (tritonus og rein kvart) er ein tradisjon som I dag kun finnes I færøysk folkemusikk, men som etter stor sannsynlighet kan stamme frå urgammelt norsk opphav.

FESTIVE FANFARE & THEME

Per Olav Paulsen 2014

PMP 030

Besetning: Brass Band

Grad: 3

Durata: ca. 2:00 min.

Festive Fanfare & Theme vart komponert for å feire 200-års jubileet for den norske grunnlova. Stykket har ein energisk fanfare-del I åpning og eit meir cantileneprega parti I midten. I finalen vert elementer frå begge desse delene smelta saman til eit stort klimaks.

GENTLE MOOD

Per Olav Paulsen 2022

PMP 045

Besetning: Trombone solo og Brass Band

Grad: 1 (solist grad 2)

Durata: ca. 4:15 min.

Gentle Mood er eit lett solostykke for trombone og brass band. Stykket har ein rolig og melodiøs karakter, noko som også tittelen indikerer. Ein kort fanfare I starten og slutten omkransar det esspreive hovedtemaet.

INTROITUS, CANTUS e FINALE

Per Olav Paulsen 1994 (Revidert 2017)

PMP 017

Besetning: Brass Band

Grad: 2

Durata: ca. 8:50 min.

Introitus, Cantus e Finale er ein liten suite I 3 satser. Første sats (Introitus) er ein svært kort sats med ein majestetisk, fanfare-aktig karakter. Denne går direkte over I sats nr.2 (Cantus) som på mange måter er suitens hovedsats. Den har ein rolig, melodiøs karakter og bygger på ein gammel mellom-europeisk melodi. Siste satsen (Finale) er ein hurtig og rytmisk drivende sats med ein rolig, koralaktig mellomdel.

JUBILANT – march

Per Olav Paulsen 1990 (Revidert 2011)

PMP 007

Besetning: Brass Band

Grad: 1

Durata: ca. 3:30 min

Jubilant er ein svært enkel marsj som passer godt for "ferske" skulekorps (Junior Brass Band). Krava til teknikk og omfang i stemmene er såleis avgrensa. Marsjen sin Trio-del er bygd over ""Happy Birthday to You"", noko som skulle gjera den anvendelig når dagar skal feirast! Denne marsjen kan like gjerne brukes i gata som på konsert.

JULEKLOKKER (Christmas Carillon)

Per Olav Paulsen 2011

PMP 024

Besetning: Brass Band

Grad: 2

Durata: ca. 6:20 min.

Juleklokker er ein liten suite i 3 satser som alle bygger på kjendte julesanger med klokkeklang som tema. Satsane kan spelast i samanheng eller kvar for seg. Første sats (Det kimer nå til julefest) er opphaveleg ein dansk julesalme frå 1850. Durata ca 2 min. Sats nr.2 (Kling no klokka) er ein tysk tone frå 1700-talet. Melodien er omforma i norsk folkesang og finnes i fleire variantar. Den mest brukte varianten er ein folketone frå Oppdal. Durata ca 2.30 min.3 sats (Kimer i klokker)kjem også frå Tyskland og finnes i fleire varianter. Den har den same tonen som "Lover den Herre / Lobe den Herren", men i Norge nyttar med den også som julesang med tittelen kimer i klokker eller Kim alle klokker. Durata ca. 1:50 min.

JUST LIKE A RIVER

Per Olav Paulsen 2010

PMP 021

Besetning: Brass Band

Grad: 3

Durata: ca. 6:40 min.

Just Like a River er eit stykke som i stor grad er inspirert av Ravel's berømte «Bolero», eit stykke der to temaer vert gjenteke vekselvis med stadig større instrumentasjon inntil det heile kuliminerer i eit stort klimaks til slutt. Just like a river har difor fått som undertittel «A Brass Band Bolero». Dei to temaene i denne komposisjonen er av irsk-inspirert og noko elegisk karakter og veks seg større og større frå start til slutt,- «Just Like a River».

LOKK – A Nowegian Mountain Overture

Per Olav Paulsen 1987 (Revidert 2018)

PMP 005

Besetning: Brass Band

Grad: 3

Durata: ca. 10:00 min.

Lokk er ein konsertouverture for brass band i norsk stil. Etter ei rolig innleiing med bruk av imitasjon (ekko) går stykket over i ein rask hoveddel. Hovedtemaet bygger på ein kulokk frå Valdres, noko som har gitt direkte inspirasjon til tittelen. I den rolige, kontrasterande mellomdelen nyttar eg tema frå ein annan norsk folketone «Astrid mi Astrid». Overturen får med det ein A-B-A form etter møsteret hurtig-langsom-hurtig.

MUSIC FOR THE CONTEST SCENE

Per Olav Paulsen 2017

PMP037

Besetning: Brass Band

Grad: 1

Durata: ca. 13:40 min.

Music For The Contest Scene er ein suite i 5 satser for «ferske» skulekorps (Junior Brass Band). Suiten inneheld satsane TRUMPET INTRADA, QUIET MOMENT, INTERMEZZO, DANCE

SEQUENCE og MARCH OF THE HEROES. Satsane er mellom 1:00 og 4:00 min slik at samla speletid for suiten blir på ca. 13:40 min. Dette vil gjere at den f.eks. vil kunne brukes i ein programkonkurranse. Sjølvstapt vil det ogvera mogeleg å nytte enkeltsatser til konkurranse eller konsert.

NEXT TO SILENCE

Per Olav Paulsen 1990 (Revidert 2013) PMP 006

Besetning: Eb-soprano cornet og Brass Band

Grad: 3 (solist grad 4)

Durata: ca. 5:00 min.

Next to Silence er ein rolig, melodiøs ballade for Eb-soprano cornet solist og brass band. Tittelen på stykket er inspirert av ein definisjon av musikk som seier: «Music is the most beautiful sound next to silence».

NIGHT MUSIC

Per Olav Paulsen 1991 (Revidert 2012) PMP 010

Besetning: Brass Band

Grad: 1

Durata: ca. 4:40 min.

Night Music består av to korte og kontrasterande stykker i moderne stil som passer godt for «ferske» skulekorps (junior brass band). Dei to stykkene heiter NOCTURNE og MIDNIGHT ROCK og kan spelast saman eller kvar for seg. Mens det første stykket er rolig og lyrisk

I karakter, er det siste stykket raskere og meir rymisk drivende. Begge stykkene har avgrensa krav til teknikk og omfang i stemmene og med kortere soli i leiande stemmer.

POSTLUDIUM – DEILIG ER JORDEN

Per Olav Paulsen 2015 PMP 031/032

Besetning: *Wind Band (PMP 032)* BrassBand (PMP 031)

Grad: 2

Durata: ca. 3:00 min.

Deilig er Jorden vert ofte nytta som avslutning på julekonsertar. Dette er eit postludium (etterspel) over denne kjende julesangen som er komponert med dette som utgangspunkt. Stykket kan nyttast med korpset åleine eller i samspel med kor (SATB) og orgel samt sjølvstøtt publikum. Postludium er utgitt både for Wind Band og Brass Band. Desse besetningane kan også kombinerast, så her er mange muligheter for ein mektig avslutning av julekonserten.

PRELUDE TO HARMONY

Per Olav Paulsen 1998 (Revidert 2019)

PMP 018

Besetning: Brass Band

Grad: 3

Durata: ca. 3:30 min.

Prelude to Harmony (Samklang) har ein ABA – form etter mønsteret langsam-hurtig-langsom. Stykket har ein majestetisk innleiing (og avslutning) som omkransar ein hurtig (Allegro Vivo) og rytmisk midtdel. Temaet i denne delen vert introdusert i flugelhorn før den vert transponert til ny toneart og viderført i tutti.

SINFONIETTA PASTORALE

Per Olav Paulsen 1970 (Revidert 2022)

PMP 044

Besetning: *Wind Band*

Grad: 4

Durata: ca. 13:10 min

Sinfonietta Pastorale vart skriven alt i 1970 og er ein av mine aller tidlegaste komposisjoner. Stykket har undertittel FRÅ HAV TIL BRE og er inspirert av Ivar Eskeland sin hyllest til Sunnhordland. Den inneheld satsane BIRTH OF A NEW DAY (ca 5:10 min.), HIGH NOON (ca. 5:10 min.) og EVENING PROCESSION OF TROLLS (ca. 2:50 min.). Stykket har hatt ei lang mogningstid og har vore revidert fleire gonger, sist i 2022.

SOUVENIRS OF HARDANGER

Per Olav Paulsen 1994 (Revidert 2013)

PMP 016/026

Besetning: *Wind Band (PMP 026)*

Brass Band (PMP 016)

Grad: 3

Durata: ca. 7:10 min.

Souvenirs of Hardanger består av ein Intrada samt 3 satser som bygger på folketoner og danser frå Hardanger. Stykket er tenkt i ein samanhengande sats, men med 4 klart adskilte deler. Ein kan såleis kanskje beskrive stykket som ein slags Rhapsodisk Suite. Etter intradaen følger i tur og orden ein springar, eit roleg mellomspel (Intermezzo) som bygger på folketonen «Bonden i Bryllaupsgarden» og til sist ein Halling. Souvenirs of Hardanger var opprinneleg skriven for brass band, men under revisjonen i 2013 vart det også laga ein versjon for Wind Band.

THE DEBUTANTE – march

Per Olav Paulsen 1993 (Revidert 2010)

PMP 015

Besetning: Brass Band

Grad: 1

Durata: ca. 3:00 min.

The Debutante er ein svært enkel marsj som passer for «ferske» korps (Junior brass band). Marsjen er skriven først og fremst med tanke på dei yngste i korpset, - debutantene! Krava til teknikk og omfang i stemmene er såleis begrensa, men med nokre få unntak i såkalla «leiande» stemmer.

THE FIRE BRIGADE – march

Per Olav Paulsen 2024

PMP 051

Besetning: Brass Band

Grad: 3

Durata: ca. 4:30 min

The Fire Brigade er ein marsj i tradisjonell engelsk stil med ein karakteristisk opning i moll for så å ende ut i ein dur-toneart til slutt. Marsjen har ei innleiing samt tre hoveddeler. I innleiinga til trio-delen er det skapt ein «signatur» i form av ein etterlikning av ei sirene, noko som er meint å understreka tittelen på stykket.

TIL ETNE!-march

Per Olav Paulsen 2007/2008

PMP 020

Besetning: *Wind Band*

Grad: 3

Durata: ca. 3:15 min.

Til Etne! er ein tradisjonell marsj i form og stil, komponert til Etne Musikklag i samband med korpset sitt 80-års jubileum i 2007. Trio-delen bygger på «Etne-song».

TWO CHRISTMAS SCENES

Per Olav Paulsen 1991 (Revidert 2012)

PMP 012

Besetning: Brass Band

Grad: 1

Durata: ca. 5:00 min.

Two Christmas Scenes inneheld to korte stykker som kan spelast i samanheng eller kvar for seg. Sjølv om dette stykket primært er tenkt for «ferske» korps (Junior Brass Band) så vil nok også meir rutinerde korps kunne finna eit tilskot til julerepertoiret i desse to enkle satsane. Dei to satsane har titlene ANGEL's ANTHEM (ca. 3:15 min.) og THE STAR OF BETHLEHEM (ca.1:45 min.)

WISH THAT YOU WERE HERE

Per Olav Paulsen 1987 (Revidert 2016)

PMP 002

Besetning: Brass band

Grad: 2

Durata: ca. 4:15 min.

Wish That You Were Here er ein rolig ballade i «slow-rock» stil. Stykket har solistiske innslag i solo-cornet og euphonium.

ØYREVERK

Per Olav Paulsen 1989 (Revidert 2024)

PMP 003

Besetning: Brass Band

Grad: 3

Durata: ca. 10:00 min

Øyreverk er ein suite i 3 satser. Første sats, PRELUDE, opnar med ein fanfare i kornetter og tromboner før eit motiv, som seinare skal vise seg å verta gjennomgåande i heile suiten, vert presentert. I denne satsen vert også ei gamal norsk folkevise (Den Bakvendte Visa) fletta inn. Durata ca. 3:00 min. Sats nr.2 (INTERLUDE) tar med seg motivet fra første sats, men no utviklar dette seg til ein amerikansk folketone (My Shepherd Will Supply My Need). Durata ca. 4:10 min. I siste satsen (FINALE) vert så idear frå alle tre satsane smelta saman . Durata for denne satsen er ca. 2:50 min.

Norwegian Classic Series (NCS)

NCS 01 AVE MARIS STELLA

E.Grieg/arr.Per Olav Paulsen PMP 019

Besetning: Brass Band

Grad: 3 Durata: ca. 3:00 min.

NCS 02 SØRGEMARSJ OVER RIKARD NORDRAAK

E.Grieg/arr.Per Olav Paulsen PMP 02/023

Besetning: *Wind Band (PMP 02)* Brass Band (PMP 023)

Grad: 4 Durata: ca. 6:20 min.

NCS 03 VESTLAND (Å VESTLAND, VESTLAND)

S.Førsund/arr.Per Olav Paulsen PMP 028/029

Besetning: *Wind Band (PMP 028)* Brass Band (PMP 029)

Grad: 2 Durata: ca. 2:30 min.

NCS 04 NORSK FANTASI

O.Borg/arr.Per Olav Paulsen PMP 035/036

Besetning: *Wind Band (PMP 035)* Brass Band (PMP 036)

Grad: 2 Durata: ca. 5:00 min.

NCS 05 DRAUMESPOR

K.Sivertsen/arr.Per Olav Paulsen PMP 053/054

Besetning: *Wind Band (PMP 053)* Brass Band (PMP 054)

Grad: 2 Durata: ca. 2:35 min.

Renaissance Series (RS)

- RS 01 PASTIME WITH GOOD COMPANY**
- King Henry VIII/arr.Per Olav Paulsen PMP 038/039
- Besetning: *Wind Band8(PMP 038)* Brass Band (PMP 039)
- Grad: 3 Durata: ca. 2:40 min.
- RS 02 AVE MARIA**
- J.Arcadelt/arr.Per Olav Paulsen PMP 040/041
- Besetning: *Wind Band (PMP 041)* Brass Band (PMP 040)
- Grad: 1 Durata: ca.2:00 min.
- RS 03 MARGOT LABOUREZ**
- J. Arcadelt/arr.Per Olav Paulsen PMP 040/041
- Besetning: *Wind Band (PMP 041)* Brass Band (PMP 040)
- Grad: 1 Durata: ca. 1:40 min
- RS 04 IN DULCI JUBILO**
- M.Praetorius/arr.Per Olav Paulsen PMP 042/043
- Besetning: *Wind Band (PMP 042)* Brass Band (PMP 043)
- Grad: 3 Durata: ca.4:10 min.
- RS 05 ES IST EIN ROS ENTSPRUNGEN**
- M-Praetorius/arr.Per Olav Paulsen PMP 043
- Besetning: Brass Band
- Grad: 3 Durata: ca. 3:10 min.
- RS 06 SUITE NR.1 FROM «THE DANSERYE»**
- T.Susato/arr.Per Olav Paulsen PMP 046/047
- Besetning: *Wind Band (PMP 046)* Brass Band (PMP 047)
- Grad: 3 Durata: ca.10:45 min.

RS 07 SUITE NR.2 FROM «THE DANSERYE»

T.Susato/arr.Per Olav Paulsen

PMP 048/049

Besetning: *Wind Band (PMP 048)*

Brass Band (PMP 049)

Grad: 4 Durata: ca. 11:00 min

RS 08 INNSBRUCK VARIATIONS

H.Isaac/arr.Per Olav Paulsen

PMP 050

Besetning: Brass Band

Grad: 3 Durata: ca. 5:50 min.

RS 09 IN MY THOUGHTS

H.Isaac/arr.Per Olav Paulsen

PMP 050

Besetning: Brass Band

Grad: 2 Durata: ca. 1:50 min.